

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Øyvind Lyslo, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/572-3

Forlenga avtale med Bergen Filharmoniske Orkester til 2019.**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

Samarbeidsavtale med Bergen Filharmoniske Orkester (BFO) og kommunane Førde, Gloppen, Sogndal og Flora vert forlenga til og med 2019 slik det vert opna for i gjeldande avtale.

Fylkeskommunen sin del av kostnaden vert innarbeidd i budsjettet for 2018 og 2019.

Vedlegg:

Brev av 13.01.2017 frå kommunane Førde, Sogndal, Gloppen, Flora
Samarbeidsavtale mellom BFO, fylkeskommunen, m.fl. – jf HK-sak 21/14.

Andre dokument som ikkje ligg ved:**SAKSFRAMSTILLING****1. Bakgrunn for saka**Grunnen for at saka er fremja

Hovudutvalet fekk på sitt møte 31.01.2017 lagt fram brev frå ordførarane i Førde, Sogndal, Gloppen og Flora (jf vedlegg 1) der dei ba om at fylkeskommunen forlenga si deltaking i avtalen med Bergen Filharmoniske Orkester (BFO) til 2019 slik gjeldande avtale frå 2014 opnar for (jf vedlegg 2). Hovudutvalet ba om at fylkesdirektøren vurderte dette i eiga sak til møtet i april.

Historikk - tidlegare vedtak

Stiftelsen Harmonien (Bergen Filharmoniske Orkester, BFO) har med utgangspunkt i samarbeid med kommunane Førde og Sogndal og fylkeskommunen, hatt konsertar i fylket sidan 2000. Samarbeidet vart etter kvart nedfelt i ei samarbeidsavtale. Kommunane Gloppen og Flora kom etter kvart også med i dette konsertsamarbeidet. Gjeldande avtaleperiode er august 2014 – juli 2017, med opsjon på forlenging til juli 2019.

Sentrale problemstillingar

Som ledd i arbeidet med å finne innsparingar i budsjettet gjorde hovudutval for kultur i HK-sak 18/15 m.a. vedtak om at fylkeskommunen ikkje skulle forlenga avtalen med BFO når inneverande periode går ut i 2017. Dei deltakande kommunane ønskjer å føre vidare avtalen, og har no oppmoda fylkeskommunen om å revurdere dette vedtaket, og seie ja til den opsjonen som ligg i avtalen til å vere med i samarbeidet fram til 2019.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesdirektøren viser til brevet frå kommunane av 13.01.2017.

Kulturpolitiske vurderingar

Bergen filharmoniske orkester (BFO) har sidan 2000 hatt symfonikonserter i Sogn og Fjordane som ein del av sitt faste program, basert på eit avtalefesta samarbeid mellom BFO, fylkeskommunen og Førde, Sogndal, Gloppen og Flora kommunar. Resultatet av dette samarbeidet har vore svært godt. Konsertane har vore musikalske høgdepunkt og eit svært verdfullt tilskot til kulturlivet i fylket. Desse faste besøka av eit fullskala symfoniorkester i internasjonal toppklasse er ikkje berre viktige som kulturopplevingar i seg sjølv, men har også mykje å seie for statusen til den klassiske musikken i fylket, i tillegg til publikumsutviklinga og rekrutteringa til kulturskulane.

Den klassiske musikken er under press, og vi ser at kulturskulane sine ventelister minkar. Det er viktig å synleggjere symfoniorkesteret som ein høgst levande arbeidsplass som også unge kan la seg inspirere og motivere av. Dette har også mykje å seie for våre eigne distriktsmusikarar som kan tilføre sine lokale og regionale samarbeidspartar kompetanse, t.d. Opera Nordfjord og Sogn og Fjordane symfoniorkester.

I tillegg har vi dei unge talenta frå fylket som vi kan møte igjen som solistar med BFO, som t.d. den talentfulle sopranen Annika Beinnes. Ho er også med i GUT (Griegakademiets unge talenter) som vert nytta som solistar med BFO. "Bli inspirert" er eit BFO-prosjekt retta mot skulen, som vi her i fylket også har fått prøvd ut i samband med konsertar med BFO der elevane i grunnskulen har vore målgruppa. BFO har også hatt reine skulekonserter i fylket. Det må også nemnast at BFO har samarbeidd med den fylkesdekkande musikk-/dans-/dramalinja på Firda vgs, og har vore delaktige i programmet på Gloppen Musikkfest, eit samarbeid begge partar ønskjer å utvikle vidare.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

I samsvar med avtalen betaler kommunane 90.000 kr pr. gjennomført konsert og beheld billettinntektene. Sogn og Fjordane Fylkeskommune betaler 55.000 kr pr. konsert. I 2015 gjennomførte BFO 5 konsertar i Sogn og Fjordane. Kostnaden for BFO, etter fråtrekk av kommunane/fylket sin del, var 1.152.000 kr. Dette tilsvarar 230.000 kr pr. konsert. Billettinntektene som kommunane beheld, skal også dekke lokal annonsering, husleige, naudsynt arbeidsinnsats for tilsette i kulturhusa knytt til avviklinga av konserten, m.m. Erfaringstal viser at nyttårskonserten som regel går i balanse for kommunane sin del, medan dei andre konsertane går med underskot. Kommunane tek såleis også ein økonomisk risiko ved dette avtalesamarbeidet.

Fylkeskommunen sitt tilskot pr. konsert på kr. 55.000 tilsvarer soleis om lag 15% av den samla kostnaden på kr. 375.000 pr konsert. For 4 konsertar vert fylkeskommunen sitt bidrag 220.000 av den samla kostnaden på 1,5 mill. Det vil seie at kvar krone frå fylkeskommunen utløyser 6-7 kroner i kulturopplevingar. I tillegg kjem også konsertane næringslivet i vertskommunane til gode i form av hotellovernattingar og forpleiing for symfoniorkesteret og det administrative personalet som er med på konsertane.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

Fylkeskommunen skal gjennom eigne tiltak og i samarbeid med eksterne partar yte fagleg og økonomisk innsats for å stimulere, hjelpe fram og halde ved like eit aktivt og variert kulturliv i fylket. Gjennom samarbeidet med BFO og dei fire kommunane har fylkeskommunen bidrege til å gje innbyggjarane i fylket eit årleg tilbod om å møte eit symfoniorkester på høgt internasjonalt nivå.

Fylkeskommunen sin del av økonomien i dette samarbeidet; inntil kr 220 000 vert dekkja innan den årlege avsetjinga til kulturaktivitetar. Reduksjonane på kulturbudsjettet er fordelt på fleire deler av kultursatsingane, likevel slik at vi har greidd å halde oppe breidda i aktivitetar og tilbod. Løyvinga til å følgje opp samarbeidsavtalen med BFO/kommunane vil ev inngå som ei premiss for disponeringa av den samla avsetjinga til kulturorganisasjonar og aktivitetar i 2018 og 2019. Fylkesdirektøren meiner det vil vere eit gode for innbyggjarar og kulturlivet i fylket å nytte seg

av den opsjonen som ligg i avtalen og forlenge til og med 2019. Denne typen tilbod på høgt kvalitativt nivå er også med på å gjere kulturlivet i fylket meir attraktivt.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår å vidareføre samarbeidsavtalen med BFO og kommunane Førde, Gloppen, Sogndal og Flora til 2019 slik det vert opna for i den gjeldande avtalen. Kostnaden vert innarbeidd i budsjetta for 2018 og 2019.